



VERKSEMDSPLAN FOR BALESTRAND KYRKJELYD

Vår visjon: Å dele den fagre skatten

”Ta vare på den fagre skatten som er deg tiltrudd! Den Heilage Ande som bur i oss, skal hjelpa deg til det.” 2 Tim 1, 14

Dette var Paulus sin ord til medarbeidaren Timoteus. I eit vers rett før utdjuvar han kva som ligg i uttrykket ”den fagre skatten”:

”Han har frelst oss og kalla oss med eit heilagt kall, ikkje på grunn av gjerningane våre, men etter sin eigen vilje og nåde. Det er den nåden som er oss gjeven i Kristus Jesus frå æva av, og som no har vorte openberra då vår frelsar, Kristus Jesus, kom til jord. Han har gjort døden til inkjes og ført liv og udøyelegdom fram i ljuset ved evangeliet.” 2 Tim 1, 9-10

I tråd med den bibelske budskapet er Balestrand kyrkjelyd:

- ein kyrkjelyd som vil dele den fagre skatten med alle menneske
- ein kyrkjelyd som vil gjere Jesus Kristus kjend, trudd, elska og etterfylgd
- ein kyrkjelyd som og vil legge seg på minne orda i Fil.4,8:

”Elles brør: Alt som er sant, alt som er gjævt, alt som er rett, alt som er reint, alt som er verdt å elska og akta, all god gjerning og alt som rosverdig er, legg vinn på det!”

Innleiing til sjølve planen:

Tjugum sokneråd vedtok i 1997 ein verksemdsplan med eit overordna mål som vart slik formulert:

”Den Norske Kyrkja i Balestrand/Tjugum skal vera ei vedkjennande, misjonerande og diakonal folkekyrkje. I forkynning og opplæring og omsorgsteneste er målet at menneska skal komme til tru på Herren Jesus Kristus og finna sin plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap i kyrkjelyden og der møta utfordring til liv og teneste for Gud og menneska.”

Med eit nytt Balestrand sokneråd, der både tidlegare Kvamsøy og Tjugum sokn no er med, trur me ein kan byggje vidare på denne verksemdsplanen frå 1997-2002. Ein vil då tilpasse den til dei nye utfordringane det nye samarbeidet gjev, og som på ein del område allereie er komme godt i gang.

Hovudmål

”Soknerådet ynskjer å arbeide mot eit felles mål i samvirke mellom kyrkja sitt embete og kyrkja sitt råd og dei friviljuge medarbeidarane i Balestrand:

- Å bevare dei døypte i si dåpspakt
- Å kalle menneske i Balestrand til tru på Jesus Kristus og teneste for han
- Å gjere kyrkjelyden merksam på og utrusta til sitt diakonale ansvar i verda og i nærmiljøet.
- Å gjere kyrkjelyden merksam på sitt verdsvide misjonsansvar
- Å utvikle nådegåver og naturgåver til beste for heile Kristi lekam
- Å utøve eit godt personalarbeid og forsvarleg ivaretaking av kyrkjer og kyrkjegardar

Desse hovudpunkta er overordna. Satsingsområde og tiltak skal elles kunne grunngjevast i desse hovudmåla.

Samanfatning for hovudmåla:

- Sokneråd og tilsette skal arbeida for eit godt samarbeid og god kommunikasjon mellom tilsette og råd. Saman skal ein arbeida for å utvikla motivasjon, kompetanse og verdiar for å ivareta oppgåvene innafør dei ulike hovudsatsingsområda.

Særskilte satsingsområde

Gudstenestearbeid

Gudstenestene er hovudsamlinga i kyrkjelyden. Me trur at det er Gud åleine som ved sin Ande skapar og fornyar livet – også i våre gudstenester.

I gudstenesta møter me den Heilage Gud og samfunnet av dei heilage.

Med dette utgangspunktet ynskjer me å ta vare på høgnessa som basis for gudstenestefornyninga.

Samstundes vil me i gudstenestearbeidet vere opne for nyare uttrykksformer og breiare deltaking i planleggjing og gjennomføring av gudstenestene, ved t.d. song og musikkinnslag og gudstenesteverkstad

Det er viktig å finne uttrykk som dei unge og barnefamiliane kan kjenne seg heime i.

Ei veksling mellom friare gudstenester og høgnesser er difor ynskjeleg. Ein bør og arbeide med at born skal finne seg til rette i høgnessa.

Det er ynskjeleg at familie – og fasegudstenester (utdeling av Bibel og bøker), og på gudstenester ved dåp og ved mange born i kyrkja så langt råd er, har ei ramme på ein time.

Ein vil arbeide for å få eit tilbod for born under preika på høgnessene. Teikningar er eit steg på vegen no, men eigne samlingar kan og diskuterast.

Det er også viktig å arbeide vidare med at fellesskapen i kyrkjelyden skal vere sosialt inkluderande ved m.a. å invitere til kyrkjekaffi og andre samlingar i kyrkjelyden

Diakoni

Diakoni spring ut av eit vitnemål om Guds kjærleik til alle menneske i Jesus Kristus. Denne kjærleiken kjem til uttrykk i den gudstenestefeirande kyrkjelyden. Vi må difor sørgja for at alle som ønskjer det skal få ta del i samlingane om Guds ord og sakrament. Balestrand kyrkjelyd skal vere inkluderande; ein stad der alle kjenner seg sett og der omtanke og omsorg er det som pregar haldningane våre i kyrkjelyden og nærmiljøet. Kyrkjelyden må vere medviten om menneske som lid andre stader i verda og bli utfordra til å lindra naud.

Familiararbeidet skal søkja å styrkja familien og bidra til å førebyggja oppløysing av ekteskap og heim. Dette bør og inkludera einslege og familiar utan barn slik at dei kjenner seg heime. Det er også behov for ungdomsdiakonale tiltak.

I verksemdsplanen frå 1997 har ein peika på besøkstenesta som hjørnesteinen til det diakonale arbeidet. Difor er inspirasjonssamlingar for besøkande viktig.

Diakonintvalet har siste åra arbeid særleg med desse områda:

- Besøksteneste
- Blomehelsingar til pårørande
- Grendasamlingar
- Ei side i kyrkjelydsblad til tema og informasjon

Aktuelle område å arbeida med framover er:

- Samlivskurs
- Familiesamlingar
- Born/foreldresamlingar
- Friluftsgudstenester for familiar

Samlingar for og kontakt med utviklingshemma i kyrkjelyden

Dette vart det arbeidd mykje med i forkant av og i samband med bispevistasen i 2000.

Eit "Bli-kjent –i-kyrkja –kurs" var viktig i så måte.

Ein har også hatt fleire vitjingar av intregreingskonsulenten i bispedømet.

Det siste året har det vore einkilde felleskapsamlingar på omsorgbustadene. Dette ynskjer ein å prioritere vidare.

Samlingar som er på helsetunet, med nattverdmøte, andakter og besøksdagar er viktige i det diakonale arbeidet.

Undervisningsutvalet og barnearbeidet

Mykje av barnearbeidet skjer i regi av søndagsskular og barnegrupper

Koret "Baluba" er eit kor som direkte er knytta til kyrkjelyden, og samlar mange.

Kor godt dei einskilde barnegruppene går med omsyn til frammøte kan variere litt frå år til år.

Soknerådet ynskjer å stø dei frivillige medarbeidarane og setje mot i dei vidare.

I den nemnde planen frå 1997 er fylgjande nemnt som oppgåver for undervisningsutvalet:

0-3 år: Dåpshelsingar. Kveldsbøn innramma som 1-årsgåve, ved besøk i heimen.

4-6 år: 3.-4 samlingar for borna i aldresgruppene 4 og 6 år.

7-9 år : Plan for kyrkjebesøk i samarbeid med skulane. Informasjon om barnearbeid.

10-12 år: Avtale med skulane om utdeling av Bibel til 11-åringane.

Det er god gjennomføring på fleire av desse punkta no.

Dåpsskulen har vorte eit godt tiltak, men den kunne hatt betre frammøte.

Ein vil undersøkje om det er mogeleg å få den inn som eit friviljug innslag i barnehagane og evt SFO.

Plan for kyrkjebesøk i samarbeid med skulane bør også styrkjast.

Det bør vurderast om ein kan ha julegudstenester for skulan.

Det kan og vere at det i barneklubarbeidet kan tenkjast noko nytt.

Fellessamlingar kan vere eit stikkord, jfr. førpåskesamling våren 2004.

Trusopplæringsprosjektet for Ytre Sogn, som no er i startgropa, kan også etterkvart komme inn i i planarbeidet. Eit tiltak her: "Vandring gjennom Bibelen" for 11-åringar har alt vore gjennomført.

Ungdomsarbeid

Ungdomsarbeidet er kanskje det som har hatt minst merksemd i planarbeidet tidlere.

Balestrand sokneråd ønskjer å vidareføre satsinga på ungdomsarbeid, som har komme til uttrykk gjennom det engasjementet som einskildleiarar har i ungdomsklubben på bedehuset, KRIK-arbeidet og konfirmantarbeidet. Balestrand kyrkjelyd har også eit fint ungdomskor innanfor soknet, Balestrand ungdomskor, der det kvart år er med ungdommar frå bygda. Å ta enno betre vare på noverande og potensielle leiarar bør vere eit viktig mål.

Me må sjå til at vi har ordningar som gjev dei den støtte dei treng, og som utviklar dei som leiarar. Ei lekk i leiarstøtta er å leggje til rette for kontakt mellom leiarane i dei ulike arbeidsfelta og la dei få kjenne at dei vert ivaretekne.

Her kan det nye ungdomsutvalet i kyrkjelyden komme inn som ein samanbindande faktor. I mange høve vil det vere ein god støtte også å ha vaksne til stades. Den andeleg utviklinga hjå ungdomsleiarane må takast vare på. Vaksne andaktshaldarar har ein plass i dette arbeidet.

Konfirmantarbeidet er basert på nær kontakt og tillit mellom konfirmant, konfirmantforeldre og kyrkjelyd. Personleg kontakt med konfirmantlærar og frivillige leiarar er viktig. Ein ynskjer og at konfirmantane vert knytt til ungdomsarbeidet på ein måte som gjer at dei kan tenkja seg å fortsetje også etter at konfirmanttida er slutt.

Ei ny satsing på særtilte ungdomsgudstenester kan framover komme inn som eit viktig tiltak.

Også satsing på spesielle ungdomsturar/leirar/utflukter.
Konfirmantplanen bør jevnleg takast fram og evaluerast.
Eit samarbeid med Sygna vidaregåande skule med omsyn til elevar som kan delta i konfirmant- og ungdomsarbeidet som eit valfag bør vurderast. Det kan også vurderast eksterne Leiar kurs for ungdomar (td KFUK/M)

Vaksenarbeid

Balestrand kyrkjelyd har mange bibelgrupper, (for tida 8) og det er også viktig at leiarane av dei får møte kvarandre regelmessig Alfakurs som er retta mot kyrkje framande, er ein interessant type arbeid, som ein vil satse vidare på, etter god oppslutning om dette sist vinter.

Bibelgrupper kan fungere som "fellesskapsgrupper" i kyrkjelyden. Kyrkjelyden bør arbeida for å oppretta ei vaksengruppe i tidlegare Kvamsøy sokn.

Det er og viktig å bruke bedehuset Betel som ligg sentralt i soknet.

Dei har sitt faste program, og ein har samarbeid med å unngå arrangementskollisjonar.

I verksemdsplanen frå 1997, vart det framsett ynskje om samarbeid med bedehuset om særskilte møteveker ein gong i året.

Dei siste par åra har dette komme i stand. Slike tiltak kan ein også arbeide med framover.

Det er også no eigne bønesamlingar på bedehuset

Grendahusa og skulane er også viktige møteplassar for vaksenarbeid.

I det nye Balestrand sokneråd vil me synleggjere at ikkje alle arrangement treng å vere sentralt i soknet, men at ein nyttar dei ulike forsamlingslokala rundt om til beste for heile kyrkjelyden.

Det kyrkjemusikalske arbeidet

Ynskjer soknerådet også skal vere eit viktig satsingsområde.

I kyrkjelyden finst det fleire kor og songgrupper, og mange som er flinke med song og musikk som ein kan samarbeida med. Ein ynskjer at det blir særskilt planlagt songkveldar og konsertar i tida framover.

Forsongargruppe i gudstenesta er noko ein bør arbeida for. Særleg under nattverd er det behov for dette.

Kyrkjelydsbladet

står sentralt som formidlar av informasjon ut til einskildsmenneske i kyrkjelyden.

Ein ynskjer å føre vidare det arbeidet som er i gang i dag på dette området, og bladet har i det siste knytta til seg verdfull kompetanse, som er viktig å gjere seg nytte av framover.

Økonomi og bygningar

Soknerådet har i 2004 oppretta eit eige bygnings- og økonomiutval.

Viktige saker her framover er:

- Det vert gjennomført personalsamtalar med alle tilsette.
- Det vert gjennomført synfaringar på alle kyrkjer og kyrkjegardar og orgel og utarbeidd restaurerings og vedlikehaldsplanar for desse.
- Vurdera leigeavtale for kyrkjekontoret.
- Det vert laga nytt økonomireglement for soknerådet og utvala.
- Arbeidet med restaureringsplan og vedlikehaldsplan for Kvamsøy kyrkje vert vidareført ved ei arbeidsgruppe.
- Måling Sæle kyrkje

Mål på lengre sikt:

- Tilrettelegga for funksjonshemma vedr. tilgjengelighet til kyrkjene.
- Ferdigmåling Tjugum kyrkje
- Varmestyring kyrkjene – enøktiltak

- Restaurering Kvamsøy kyrkje
- Utviding av sakristi Tjugum.
- Førebu regulering av gammalt gravfelt på Tjugum.

Anna

Det vart i soknemøtet fremja ynskje om at det å gje tiend skulle forkynnast i kyrkjelyden.

Avsluttande merknader:

Utvala innan diakoni, undervisning, ungdomsutval og utval for bygning og økonomi utformar sine målsetjingar enno meir konkret innanfor rammene av visjon og hovudsatsingsområder.

Litt om arbeidsformer:

Det er viktig at arbeidet vert lagt opp som målretta prosjekt- og teamarbeid, så langt råd er.

Det er viktig å få ein god struktur på samspelet mellom staben og andre leiarar.

Leiaromsorg er viktig i alle deler av arbeidet, og me må vere merksam på at personar må få vere aktive i samanhengar der dei får nytte sine evne og nådegåver.

”Naturlig kirkevekst” si undersøking kan her komme inn med viktige impulsar.

Førebiletefunksjonen:

Bibelen talar klart om kva det vil seie at ein kristen er eit førebilete for andre.

Det er viktig å erkjenne at verdiar vert overførde langt meir effektivt ved levande førebilete enn berre ved teoretisk formidling.

Både dei tilsette og dei frivillige medarbeidarane har ein viktig førebiletefunksjon i den verdiformidlinga soknerådet ynskjer å stå for.

Dette er verkesmdsplanen med innarbeidde merkander frå soknemøtet 2.6.2004 i Sæle kyrkje.

s. s.
Tore Brudvik

Audun Systad